

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM KOMMUNANE

LINDÅS, MELAND, RADØY, OSTERØY, GULEN, MODALEN OG AUSTRHEIM OM FAST

FRISKLIVS - , LÆRINGS – OG MEISTRINGSTILBOD FRÅ 01.01.2019

INNLEIING:

Samarbeidsavtalen regulerer ansvar- og oppgåvedeling, fordeling av kostnader og varighet/utmelding av samarbeidet om frisklivs,- lærings- og meistringstilbud i deltakarkommunane.

Bakgrunn for samarbeidet er positive vedtak frå kommunane om vidareføring av frisklivs- , lærings- og meistringstilbudet etter prosjektperiode, som er avslutta pr 31.12.2018. Plikta til å ha eit tilbod ligg i Helse- og omsorgstenesteloven §§ 1-1, 3-2 og 3-1

Radøy kommune ivaretar rolla som ansvarleg kommune, fram til Alver kommune tek over pr. 01.01.2020. Det er sett av 20 % stilling i Radøy kommune som kursleiar for tilbodet.

ØKONOMISK FORDELING TIL DELTAKARKOMMUNANE I 2019:

Kommune	Folketal 01.01.2018	1/3 fast	2/3 folketal	Totalt
1252 Modalen	380	23.286	2 900	26 186
1253 Osterøy	8 125	23.286	61 770	85 056
1256 Meland	8 079	23.286	61 420	84 706
1260 Radøy	5 129	23.286	38 990	62 276
1263 Lindås	15 789	23.286	120 035	143 321
1264 Austrheim	2 902	23.286	22 060	45 344
1411 Gulen	2 345	23.286	17 825	41 111
Totalsum	42 749	162 667	325 333	488 000

OPPSEIING/UTMELDING:

Dersom ein kommune ønskjer å tre ut av samarbeidet i 2020, må dette meldast innan 1.oktober 2019. Om ikkje skriftleg utmelding ligg føre, vert samarbeidet vidareført med kommunane i denne samarbeidsavtalen.

Radøy kommune 03.01.2019

.....

Kommunalsjef Helse og Omsorg

Lindås kommune

.....

Meland kommune

.....

Osterøy kommune

.....

Austrheim kommune

.....

Gulen kommune

.....

Modalen kommune


.....
15/1-19

PLAN FOR OPPGÅVER/DRIFT I 2019:

Informasjon til aktuelle brukarar av frisklivs-, lærings- og meistringstilbodet skal skje ved

- 2 kurs pr. år over 3 månader med oppfølgingsdagar etter 6 månader og eitt år.
- Geografisk fordeling kan vurderast etter heimkommune til deltakarane. Nordhordlandshallen og området rundt er godt eigna. Ein treng god offentleg kommunikasjon, kjøkken og treningstilhøve.
- Målgruppe: Vaksne over 18 år som har eller står i fare for å utvikle sjukdom som diabetes type 2, hjarte-, lunge- og karsjukdom, sjukdom i muskel og skjelettsystemet og overvekt. Eit gruppebasert tilbod med fokus på førebygging og helsefremjing, og korleis leve med langvarig sjukdom eller ulike helseutfordringar.
- Kursa skal gjennomførast vår og haust og gå over 3 månader.
- Kursleiargruppa må vera tverrfagleg, og ha helsepedagogisk kompetanse.
- Deltaking i Lærings- og Meistringsnettverket mellom kommunane og helseforetaket vil halde fram.
- Samarbeid med spesialisthelsetenesta er skissert i Særavtale til Tenesteavtale 2, 6 og 10. Samarbeid om opplæring av pasientar, brukarar og pårørande i eit lærings- og meistringsnettverk.
- Tilbodet er ei helseteneste som krev dokumentasjon i elektronisk pasientjournal. Bruk av kommunane sine journalsystem må vurderast.
 - o Lovverk; Lov om behandling av helseopplysninger ved ytelse av helsehjelp (pasientjournalloven)
 - o Bruk av data – rapportering og statistikk for tilpassing av tilbodet.